



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Midt-Telemark kommune
Bøgata 67
PB 83
3833 BØ I TELEMARK

Dato: 06.11.2025
Vår ref: 25/05565-2
Dykkar ref: 25/9679-5

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Fråsegn til varsel om planoppstart og høyring av planprogram for revidering av kommuneplanens arealdel 2025–2035 for Midt-Telemark kommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 8. september 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka

Midt-Telemark kommune har sendt planprogram for revidering av kommuneplanen sin arealdel 2025 – 2035 på høyring. Føremålet med planarbeidet er leggje til rette for ei heilskapleg og berekraftigutvikling av Midt-Telemark kommune. Prioriterte tema ved denne rulleringa er tilrettelegging for næringsareal, og identifisering og vurdering av areal for energiproduksjon.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeid

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, står det at regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å sikre at verdifulle mineralførekomstar, som kan gi framtidig verdiskaping, ikkje blir bygd ned. Kommunal planlegging er avgjerande for å sikre dei langsiktige arealbehova for mineralnæringa.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Viktige mineralførekomstar blir sikra i regionale og kommunale planar, og utvinning må vegast mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.*
- *Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større bygge- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis naudsynt areal til slik handtering skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning må vurderast, og ein bør søke å oppnå massebalanse.*



Fråsegn til planen

I Midt-Telemark kommune er det registrert 16 førekomstar av malmmineral, 3 førekomstar av industrimineral og ein førekomst av naturstein i Noregs geologiske undersøking si malm-, industrimineral-, og natursteindatabase¹. Det er registrert 57 førekomstar av pukkk og grus i NGU sin grus- og pukkkdatabase², og 5 uttak i drift³ i kommunen.

Forvaltning av mineralske ressursar inneber at kommunen i arbeidet med arealdelen vurderer korleis eksisterande og ny arealbruk verkar inn på tilgangen til mineralske førekomstar i dag og for komande generasjonar. DMF forventar at planen omtalar viktige førekomstar i kommunen og korleis arealføremålet råstoffutvinning skal nyttast.

Det er store lokale og regionale skilnader i tilgangen til mineralske ressursar. Samstundes kan behovet for råstoff knytast til alt frå lokal byggeaktivitet til storskala gruvedrift mot ein global marknad. Det kan vere næringsinteresser knytt til utnyttinga av mineralressursar, både direkte ved det enkelte masseuttak og indirekte ved ulike typar industriell vidareforedling av ressursane. Tilgang på byggeråstoff er viktig for å kunne realisere planlagde utbyggingstiltak. Det er derfor viktig at kommunen vurderer om uttak av ressursar lokalt, spesielt byggeråstoff, òg sikrar tilgang til massar i regionen. Midt-Telemark kommune har ifølgje DMF sin levetidsanalyse av byggeråstoff i Norge⁴ og DMF sin ressursrekneskap for byggeråstoff⁵ ei forventa levetid på over 50 år for knust fjell, og 20 til 50 år for sand og grus. Statistikken er basert på driftsrapportering frå registrerte masseuttak og inkluderer ikkje overskotsmassar frå bygg- og anleggsverksemd.

Arealbruk for masseuttak

DMF har gått gjennom korleis kjende uttak i drift i vårt uttaksregister⁶ og konsesjonskart⁷ er avsett i gjeldande arealdel:

Konsesjonspliktige uttak:

- *Hellestad sandtak* blei tildelt driftskonsesjon frå DMF 21.12.2018. Uttaksområdet er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel, og er omfatta av *Detaljregulering for utvidelse av Hellestad sandtak* vedtatt 20.06.2022.
- *Eika sandtak* blei tildelt driftskonsesjon frå DMF 29.06.2020. Uttaksområdet er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel. Etter kva DMF er kjent med er uttaket ikkje omfatta av reguleringsplan.

¹ Malm-, industrimineral- og natursteindatabasen (NGU):

https://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom_ks.Alle_fkom?p_kommunenr=4020R&p_sp_rak=N

² Grus- og pukkkdatabasen (NGU):

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=4020

³ DMF sitt uttaksregister (DMF): <https://dirmin.no/data/uttak?sok=&kommune=Midt-Telemark&fylke=>

⁴ Levetidsanalyse av byggeråstoff i Norge: <https://dirmin.no/levetidskart>

⁵ DMF sin ressursrekneskap for byggeråstoff: <https://dirmin.no/node/12958>

⁶ DMF sitt kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>

⁷ DMF sitt konsesjonskart: <https://dirmin.no/data/konsesjoner>



- *Herremo Syd (Øveråslia)* blei tildelt driftskonsesjon frå DMF 11.03.2013. Uttaksområdet er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel. Etter kva DMF er kjent med er uttaket ikkje omfatta av reguleringsplan.
- *Herremo* blei tildelt driftskonsesjon frå DMF 10.05.2017. Uttaksområdet er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel. Masseuttaket er omfatta av *Områderegulering for beskyttelse av Bø vassverk Herremo* vedtatt 21.05.2012.

Meldepliktige uttak:

- *Stadskleivvegen 72* er registrert som meldepliktig uttak i DMF sitt uttaksregister. Sist det ble gjort uttak av massar var i 2023, i følge driftsrapportering frå tiltakshavar til DMF. Uttaket ligg i eit område som er satt av til LNFR i gjeldande kommuneplan. Området er regulert til bustadføre mål i *Detaljregulering for boligområde ved Stadskleiv*.

Ikke påbegynte uttak:

- *Mjågetjønn skiferbrudd* er registrert som ikkje påbegynt uttak i DMF sitt uttaksregister. Uttaket er tildelt driftskonsesjon 21.12.2012. Uttaksområdet er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel, og er omfatta av *Detaljregulering for Mjågetjønn steinbrudd* vedtatt 12.06.2014.

Nedlagt/avviklet:

- *Skrubbemyra Elementproduksjon* er registrert som nedlagt/avvikla i DMF sitt uttaksregister. Området er satt av til råstoffutvinning og næring i gjeldande arealdel.
- *Hegna* er registrert som nedlagt/avvikla i DMF sitt uttaksregister. Området er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel.
- *Øverbømoen Hegna* er registrert som nedlagt/avvikla i DMF sitt uttaksregister. Området er satt av til råstoffutvinning i gjeldande arealdel.

Område kor det skal drivast uttak i planperioden bør avsettast til *noverande råstoffutvinning* i plankartet. Område kor det er planlagt masseuttak som ikkje er starta opp, eller der eksisterande uttak skal utvidast, bør avsettast til *framtidig råstoffutvinning*, og visast i plankartet med ytre grenser for framtidig uttak.

Kommunen har mange område som er avsett til råstoffutvinning, der det ikkje er registrert uttak av massar. Kommunen bør derfor vurdere å ta ut areal kor det ikkje er aktuelt å drive uttak.

Omsynssoner

DMF forventar at kommunen vurderer å bruke omsynssone H590, jf. plan- og bygningslova § 11-8 c)⁸ for å synleggjere førekomsten den regional viktige førekomsten Folkestadmogane⁹

Kommunen bør vurdere å bruke omsynssone H590, jf. plan- og bygningslova § 11-8

⁸ Omsynssone mineralressursar:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135bf8fa9f264d7b86700a7711863578/no/pdfs/h-2481-b-kommuneplanens-arealdel.pdf> (s. 142-143)

⁹ Folkestadmogane (NGU):

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=60614



c)¹⁰, for område med registrerte førekomstar av mineralske ressursar som kan vere aktuelle for framtidig utvinning. Hensikta med ei slik omsynssone er å sikre at det ikkje leggst opp til tiltak som kan hindre seinare mineralutvinning. Kommunen kan òg vurdere å bruke omsynssone H590 på areal omkring eksisterande masseuttak der det ikkje er registrert ein mineralførekomst, for å unngå konflikt med andre arealinteressar og mogeleggjere utviding av uttak.

Undersøkjingsrett til statens mineral

Det er område med bergrettar i kommunen. Element29 AS har undersøkjingsrett etter gull, kopar og sølv. Områda der selskapet er tildelt undersøkjingsrett ligg ved Klokkfjellet, vest for Heddalsvatnet.

Dersom det blir foreslått ny arealbruk innanfor område med undersøkjingsrettar, bør kommunen informere rettshavarane om planprosessen og gi dei høve til å gi uttale til planen.

Konsekvensutgreiing

I *kapittel 5.1 Konsekvensutgreiing (KU)* i planprogrammet er mineralressursar ikkje nemnt som skal inngå i konsekvensutgreiinga. Det er uklart kva for metodikk kommunen skal bruke som utgangspunkt for konsekvensutgreiinga. DMF tilrår at Statens vegvesen si handbok *V712 Konsekvensanalyser*¹¹ blir lagt til grunn, da denne beskriver metodikk for vurdering av mineralressursar i konsekvensutgreiingar.

I arbeidet med arealdelen må kommunen identifisere vesentlege verknader av forslag til endra arealbruk for viktige mineralressursar, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 21. I dette arbeidet må kommunen legge *grus- og pukkdatabasen*¹² og *mineralressursdatabasen*¹³ frå NGU og DMF sine konsesjons- og uttakskart¹⁴ til grunn for utgreiing av arealinnspela. Datasett med førekomstane er tilgjengeleg for nedlasting frå GeoNorge sin kartkatalog¹⁵. Datasetta til DMF og NGU blir òg distribuert som WMS-tenester, og kan leggst direkte inn i kommunen si eiga kartløyising.

Dersom område med nytt arealføremål kjem i nærleiken av, eller rører ved, mineralske førekomstar eller masseuttak, bør det gjerast ei vurdering av om endringa fører til at ressursar blir utilgjengelege for framtida. Det er viktig at kommunen tar med i vurderinga at ressursar som ikkje er vurdert som viktige i nærmaste planperiode, kan bli viktige i framtida. Dersom kommunen går inn for endringar i arealbruk som

¹⁰ Omsynssone mineralressursar:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135bf8fa9f264d7b86700a7711863578/no/pdfs/h-2481-b-kommuneplanens-arealdel.pdf> (s. 142-143)

¹¹ Håndbok V712 Konsekvensanalyser:

<https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/handboker/hb-v712-konsekvensanalyser-2021.pdf>

¹² Datasett for grus og pukk:

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/grus-og-pukk/a26e57bc-15bd-46db-8504-6c6ed1e7c501>

¹³ Datasett for mineralressursar: <https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/mineralressurser-industrimineral-naturstein-og-metaller/5a887d78-07ef-44c6-8941-cb8017c6328c>

¹⁴ Datasett for uttak, konsesjonar og bergrettar:

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/uttak-konsesjoner-og-bergrettigheter/5e1500e8-1967-4721-86c5-7e87b561feca>

¹⁵ GeoNorge sin kartkatalog: <https://kartkatalog.geonorge.no/>



påverkar område med ressursar, bør kommunen vurdere om det finst avbøtande tiltak.

I område nært eller ved masseuttak bør kommunen òg vurdere om endra arealbruk kan få følgjer for ei framtidig utviding av uttaket. Sjå DMF sitt kart med konsesjonsområde i kommunen⁷. Nye areal til råstoffutvinning bør vere grunngeve med at kommunen har eit reelt behov for byggeråstoff. Dersom kommunen har behov for ressursar bør det òg vurderast om ressursbehovet kan bli dekkja på andre måtar, for eksempel ved å nytte overskotsmassar eller utvide eksisterande uttak. Dersom det blir foreslått å etablere nye masseuttak, bør konsekvensutgreiinga innehalde ei vurdering av om endring til arealføremål råstoffutvinning er i tråd med *Statlege planretningslinjer for klima og energi*¹⁶.

Kjende førekomstar som ikkje har fått ei verdivurdering av NGU, kan innehalde viktige ressursar eller ressursar som kan bli viktige i framtida. Innanfor prospekt er det meir sannsynleg at det kan finnast førekomstar som kan være viktige. Ved forslag til ny arealbruk som kan påverke slike førekomstar og prospekt, må det bli henta inn informasjon som gir eit endeleg avgjerdsgrunnlag for om viktige ressursar blir råka av endringa.

Føresegner i arealdelen

I punkt a) i føresegn 3.1.9 Råstoffutvinning er det stilt følgjande krav:

«Det er krav om reguleringsplan før etablering eller utviding av massetak. Reguleringsplanen skal avklare uttaksgrenser (sidevegs og djup), rammer for eventuelle bygningar, sikringstiltak, verneomsyn (støy, miljø), driftstider, landskapstilpassing, tilkomst og uttransport og krav til etterbruk og tilbakeføring etter at anlegget er avslutta.»

Krav om reguleringsplan for masseuttak er i tråd med DMF sine tilrådingar. Regulering bidrar til å sikre openheit, framsyn og medverknad for alle interesser og myndigheiter. Kommunenen bør likevel vurdere å fjerne kravet om at uttaksdjup skal fastsettest i reguleringsplanen. Djupne på uttaket er eit driftsmessig omsyn, og bør heller går fram av driftsplanen til uttaket, som er eit meir dynamisk styringsverktøy for tiltakshavar.

DMF rår kommunen òg til å vurdere følgjande i utforminga av føresegnene:

- *Retningslinjer til føresegn for masseuttak:* Uttak av mineralske ressursar skal skje i samsvar med minerallova. Uttak over 500 m³ er meldepliktige, og uttak over 10 000 m³ krev driftskonsesjon etter minerallova
- Krav om massehandteringsplan for planar eller tiltak som genererer overskotsmassar.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig

¹⁶ SPR for klima og energi: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-12-20-3359>



verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Helene Laurin Rosmo
rådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Helene Laurin Rosmo

Kopi til: